

Ein presentasjon av

ASKØY MISJONSFORSAMLING (NLM)

Norsk Luthersk Misjonssamband vart skipa i Bergen i 1891, og det vart tidleg etablert arbeid for NLM (den gongen Kinamisjonsforbundet) på Askøy. Askøy fellelag for Det norsk-lutherske Kinamisjonsforbund vart stifta 30. juni 1912. Fellelaget (samskipnaden) organiserte ulike typar misjonslag for menn og kvinner, vaksne og born. Aktiviteten gjekk føre seg i heimane og på bedehusa, som heilt fram til slutten av 1900-talet alle var eigde enten av indremisjonen eller av bygda, eller av det folket som høyrer til den evangelisk-lutherske læra (det kan vera stor variasjon i statuttane for desse husa), eventuelt av frie grupper.

Styret for Askøy NLM var alt i 1990 oppteke av spørsmålet om ein skulle kjøpa seg tomt for eit framtidig misjonshus. Midt på 1990-talet var det både ein eigen liten NLM-komite som drøfta dette og andre spørsmål, og det var ein felles komite med representantar for Askøy Indremisjon. Tidleg på 2000-talet var det ein kort periode felles sundagsmøte med deltakarar både frå Askøy NLM og Askøy Indremisjon, men tiltaket var kortvarig, og indremisjonen la sine egne faste møte til Florvåg bedehus.

Askøy NLM tok til med faste sundagsmøte frå januar 1999. Desse møta vart lagde til Haugland (Hauglandshella) bedehus og var tenkt å samla misjonssambandsfolk frå heile øya. Tidlegare hadde kvar grend sitt bedehus, men ved årtusenskiftet var aktiviteten på mange av dei lokale bedehusa lauer, samtidig som moderne kommunikasjonsmiddel hadde gjort det lett å samlast frå eit større område på eit sentralt bedehus. Haugland bedehus låg nokså midt på øya, og kunne nåast med bil på om lag 20 min. frå alle bygdene. Årsmøtet i samskipnaden handsama spørsmålet om eit eige misjonshus både i 2000, 2001 og 2002. Samtalar med (kristen-)folket i bygda om overføring av Haugland bedehus til NLM stranda, og heile prosessen enda med at Askøy NLM i oktober 2003 fekk overta Kleppe bedehus i Kleppestø for ein kjøpesum på ei -1- krone! Kleppe bedehus var dette året 100 år gammalt.

Den faste møteverksemda vart dermed flytta frå Haugland til Kleppe. Etter ei tid vart deler av bedehuset pussa opp, slik at ein var attende til Haugland med dei faste sundagsmøta for ei tid. Tanken om å byggja Kleppe bedehus ut til eit moderne misjonshus, gjerne med gjenbruksbutikk og/eller nærmiljøseier, levde. Ein fekk også kjøpa ei tomt på andre sida av vegen for bedehuset, som i utgangpunktet var tenkt som parkeringsareale. Etter ein langdryg prosess på grunn av manglande reguleringsplan for området, naboklager og treg sakshandsaming vart planane for nybygget endeleg godkjende, og arbeidet med å riva deler av det gamle bedehuset og leggja til eit stort nybygg tok til sommaren 2014. Den eldste delen av det gamle bedehuset vart ståande og fungerer no som "småsal" integrert i nybygget. "Nye" Kleppe bedehus, med 300 kvm gjenbruksbutikk i kjellaren, stod ferdig i januar 2016. I byggeperioden hadde forsamlinga nok ein gong vore samla på Haugland bedehus.

Askøy Misjonsforsamling vart skipa på eit ekstraordinært årsmøte i Askøy NLM 30. august 2008, etter at det ordinære årsmøtet i mars same år hadde gjort vedtak om å gå for dette. Med unntak av byggeperioden 2014-2016 har møta/gudstenestene vore haldne på Kleppe bedehus, i all hovudsak sundag føremiddag kl 1100. Det var lenge røyster som ville ha møta lagt til ettermiddag/kveld, og då NLM Askøy i 1999 etablerte faste sundagsmøte vart det endåtil sendt eit brev til Askøy prestegjeld av Den norske kyrkja med melding om at ein av omsyn til kyrkja sine gudstenester ville leggja NLM-møta utanom vanleg gudstenestetid. Mange av dei eldre, også i NLM, var vane med å gå i kyrkja om føremiddagen og på bedehuset om kvelden. Ulike tidspunkt vart testa ut; kl 1900/1930, kl 1800 og kl 1700, med og utan måltid eller kaffimat før eller etter møtet. Frå barnefamiliane vart det tidleg meldt at kl 1900/1930 ein sundagskveld var umogeleg, og sein ettermiddag var også vanskeleg. Dei unge familiane hadde ingen tradisjon for "ellipsemodellen", men ynskte å ha bedehuset som si einaste forsamling/menighet og tala aktivt for å leggja dei faste møta til sundag føremiddag. Dette vart regelen frå 2007, slik at faste sundagsmøte kl 1100 var på plass før forsamlinga vart etablert. Slik sett kan ein seia at brevet til Askøy prestegjeld berre fekk gjelda i 7-8 år, og eit par av prestane har sagt frå om at dei ikkje er glade for noverande ordning. Men det må også seiast at gudstenestetidene i kyrkjene på Askøy no varierer sterkt, så om ein skal unngå "kollisjonar", vert det uansett vanskeleg.

Frå januar 2017 har Askøy Misjonsforsamling brukt omgrepet "gudsteneste" om samlingane sundag kl 1100. I tillegg har det heile tida vore kveldssamlingar om lag ein sundag i månaden. Desse kallast "temasamlingar", og har tale eller foredrag relatert til det som er forsamlinga sitt semestertema, som til dømes "kvardagskristendom" eller "Kristus åleine". Dei første åra samla temasamlingane ein del tilhøyrarar som gjekk i kyrkja på føremiddagen, men no er det ikkje mange som følgjer dette mønsteret. Etter at Dnk gjorde vedtak om vigsle av likekjønna, er det fleire som har Askøy Misjonsforsamling som si einaste faste forsamling. Frammøtet på temasamlingane har likevel heile tida vore heller lågt. Frå og med hausten 2018 legg ein desse samlingane til torsdag kveld, etter bønemøtet, 3-4 gonger i semesteret.

Askøy Misjonsforsamling er organisert som ei forsamling i NLM og innmeld i Region Vest av Norsk Luthersk Misjonssamband. Lovene for forsamlinga vart vedtekne 30. august 2008 og er reviderte eit par gonger etter det. Forsamlinga er organisert med eige årsmøte og eit demokratisk valt styre på 5 medlemmer, som har åndeleg og praktisk ansvar for forsamlinga. Ho har ingen eigne tilsette, så det er styreleiar som fungerer som "forsamlingsleiar". Den første tida var Terje Frafjord styreleiar, men sidan årsmøtet i mars 2011 har Bård Hauge hatt denne funksjonen. Forsamlinga har medlemskap, og det er berre innmelde/betalande medlemmer som har røysterett i årsmøtet.

Forsamlinga har møte (frå januar 2017 kalla gudstenester) kvar sundag heile året, utan opphald. I juli og august kallast dei "sommarmøte" og har ei enklare form. Elles i året er dei lagt opp med opning, songar/salmar, trusvedkjenning, preike, Herrens bøn, forbøn, misjonsinformasjon, kunngjeringar og velsigning som meir eller mindre faste ledd. Om lag ein gong i månaden har me "storfamiliegudstenester". Dei andre sundagane er det sundagsskule med klassar for store og små born under preika. Ein gong i månaden har me nattverd. I løpet av eit semester har me også fleire misjongsudstenester og minst ei song- og musikkudsteneste. Det er bøn kvar sundag kl 1030 og bønemøte kvar torsdag kl 1900.

Det er styret ved leiar som hentar inn talarar til gudstenestene og møta. Ei gruppe møteleiarar (5-6 personar) byter på å leia møta/gudstenestene og har hovudansvar for møteopplegg og songval med meir, etter føringar frå styret. 4 menn er autoriserte (av forsamlinga og/eller NLM Region Vest) til å forretta dåp og nattverd. 5 born er til nå døypte i forsamlinga, dei 2 første i 2009.

Av andre som gjer teneste i møta har me eit teknikar-team, møtevertar, forsongarar, musikarar og sundagsskuleleiarar/-lærarar. Det er enkel servering etter kvar gudsteneste, i "gamlesalen". Til å følgja opp drifta av bedehuset er det sett ned ein bedehuskomite, utpeikt av forsamlingsstyret. Komiteen rapporterer til styret for Askøy NLM og forsamlingsstyret. Juridisk eigar av Kleppe bedehus er NLM sentralt, og gjenbruksbutikken i kjellaren vert driven av NLM Gjenbruk AS, som betalar husleige til bedehuset.

Det har i lang tid vore eit uttalt mål å driva diakoni i og ut frå forsamlinga, men aktiviteten har ikkje alltid vore like god. Forsamlinga er også saman med Askøy NLM ein av pådrivarane bak KIA Askøy. Det er utarbeidd ein felles handlingsplan for Askøy NLM og Askøy Misjonsforsamling for åra 2017-2020 i tilknytting til NLM Region Vest sin strategiplan for 2016-2020, som har følgjande prioriterte satsingområde: **1** *Styrke et sentralisert forsamlingsarbeid og utruste disse fellesskapene til å drive smågruppearbeid, lag og foreninger som kan skape gode lokale møteplasser som også når nye mennesker.* **2** *Arbeide for en helhetlig og målrettet tenkning når det gjelder rekruttering og utrustning av ledere. Skape et sterkt åndelig lederskap og NLM-identitet.* **3** *Øke bevisstheten for misjon som krysser språklige og kulturelle grenser.*

Handlingsplanen gir konkrete føringar for forsamlingsarbeidet under følgjande fem tema: Misjon, Misjonsfellesskap, Forkynning, bibelundervisning og bøn, Leiarutvikling og Visjonær samhandling.

Askøy Misjonsforsamling er aktivt med i det felleskyrkjelege arbeidet på Askøy og sender leiarar til felles leiarsamlingar 2 gonger i semesteret. Av fellestiltak som forsamlinga er med på kan nemnast bønveker/bønehelger, bibelhelger og lovsongskveldar. Ein gong i månaden vert det arrangert felleskyrkjelege bønemøte. Desse ambulerer mellom 5-6 kyrkjelydar/forsamlingar. KIA-arbeidet er også ein del av det felleskyrkjelege samarbeidet.

Askøy Misjonsforsamling er i dag ei rein NLM-forsamling med direkte medlemskap, utan undergrupper knytte til andre organisasjonar. Forsamlinga har halvårlege fellesmøte med Shalom Askøy, som er ei forening i Den Norske Israelsmisjon, og meir sporadisk med grupper frå andre organisasjonar, til dømes "Laget" og Åpne Dører. I slike tilfelle blir kollekten den aktuelle dagen delt mellom dei to organisasjonane.

Askøy NLM organiserer omlag 20 ulike lag og foreiningar for born, unge og vaksne. Dei fleste av desse har medlemmer som også er medlemmer i forsamlinga, og forsamlinga tilrår aktivt medlemene å bli med i ei slik smågruppe, eller finna sin plass i ei ny gruppe. Dette er eit eige tema i handlingsplanen. Spørsmålet om å ha grupper som arbeider for andre føremål enn NLM som ein integrert del av forsamlinga har ikkje vore drøfta førebels. Det er vanskeleg å sjå at dette vil vera utelukka, men det vil krevja ei tilpassing av dei noverande lovene.

Medlemstalet i forsamlinga har dei siste åra lege på +/- 100 personar, om lag 30 born inkludert. Frammøtet var i 2016 i snitt 50 personar på dei ordinære møta/gudstenestene, og det låg der også i 2017. Mange av medlemene er aktive i gjenbruksbutikken, og dei fleste gjev store beløp til huset og misjonsarbeidet elles. Forsamlinga sender kvart år eit stort beløp til NLM via Region Vest.

Forsamlinga driv eit omfattande barne- og ungomsarbeid. Sundagsskulen, som er i funksjon kvar sundag utanom storfamiliiegudstenestene, er delt i to klassar etter alder. Frammøtet varierer frå 3 til 20 born. Barnekoret Yngste Røster har 10-12 medlemmer i alderen 3-9 år. Speidaren har 15-20 medlemmer, og er delt i to grupper. Det har vore drive Tweens-arbeid, men dette ligg no nede. TenKafeen samlar 30-40 tenåringar annankvar fredag og har nært samarbeid med KRIK Askøy. I Kleppe bibelgruppe samlast 5-6 unge kvinner til bibelstudium og samtale om livet. Våren 2018 vart det starta opp ei bibelgruppe for unge menn/gutar.

20.06.18
Bård Hauge

Kjelder:
Paul Odland: Askøy NLM 100 år (2011).
Årsmøte- og styrereferat frå Askøy Misjonsforsamling 2008-2017.